



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

19/91-

18. februar 2019

Nasjonal transportplan 2022-2033. Invitasjon til møte i den politiske kontaktgruppa

Eg syner til brev av 11. januar 2019 om ny prosess og organisering av arbeidet med NTP 2022-2033. Det står her at Samferdselsdepartementet vil opprette ei politisk kontaktgruppe der KS, fylkeskommunane, dei største bykommunane og Sametinget er representerte på politisk nivå. Samferdselsdepartementet v/statsråden vil leie kontaktgruppa.

Eg vil invitere til det første møtet i den politiske kontaktgruppa for NTP 2022-2033 **fredag 8. mars 2019, kl. 1230-1430.** Møtet vil finne stad i auditoriet i R5, Akersgata 59 i Oslo.

Dagsorden for møtet er:

1. Ny prosess og organisering av arbeidet med NTP 2022-2033

Mine forventingar til deltakinga frå regionalt nivå i NTP-arbeidet

Diskusjon

2. Invitasjon til å komme med innspel om dei viktigaste utfordringane

Samferdselsdepartementet inviterer dykk i brev av 18.02.2019 til å kome med innspel om dei viktigaste utfordringane på transportområdet. Korleis vil de arbeide framover med å kartleggje og prioritere desse utfordringane?

Innleiing v/statsråden

Diskusjon

3. Møter framover - korleis skal vi organisere desse?

Innleiing v/statsråden

Diskusjon

4. Eventuelt

Kvar adressat kan stille med inntil 3 personar på møtet. Dette inkluderer eventuell bisitjar frå administrativt nivå. Husk å ta med legitimasjon for å registrere dykk i resepsjonen i R5.

Samferdseldepartementet ber om påmelding innan **1. mars** på e-post til kontorstotte@sd.dep.no. Spørsmål kan rettast til Borghild Ollestad på telefon 22248128.

Eg ser fram til ein god dialog og ynskjer velkommen til møtet!

Med helsing

Jon Georg Dale

Adresseliste

Akershus fylkeskommune
Aust-Agder fylkeskommune
Bergen kommune
Buskerud fylkeskommune
Finnmark fylkeskommune
Hedmark fylkeskommune
Hordaland fylkeskommune
KS - Kommunesektorens interesse- og
arbeidsgiverorganisasjon
Møre og Romsdal fylkeskommune
Nordland fylkeskommune
Oppland fylkeskommune
Oslo kommune - Byrådet
Rogaland fylkeskommune
Sametinget
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Stavanger kommune
Telemark fylkeskommune
Troms fylkeskommune
Trondheim kommune
Trøndelag fylkeskommune
Vest-Agder fylkeskommune
Vestfold fylkeskommune
Østfold fylkeskommune